

Hardangervidda Fjelloppsyn as

Rapport nr:

1-2003

Dato:

April 2003

RAPPORT

Rapportens tittel:

Årsrapport 2002 for Hardangervidda Fjelloppsyn as

Forfatter (e):

Georg Gjøstein

Oppdragsgjevar:

Hardangervidda Fjelloppsyn as

Emneord:

Utført arbeid Organisasjonen

Samandrag:

Hardangervidda Fjelloppsyn as har totalt arbeidd 5,2 årsverk i 2002. Det er utført arbeid for 13 institusjonar der Fjellstyra på Hardangervidda, Statens naturoppsyn og NINA-NIKU er dei største tjenestekjøparane.

Forord

Dette er ein årsrapport som har til føremål å gi ei oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjellopsyn as i 2002.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for oppdraga og samarbeidet i 2002.

Geilo, april 2003

Ragnar Ystanes /s/
Styreleiar

Georg Gjøstein
Dagleg leiar

1. UTFØRT ARBEID.....	4
1.1 OPPSYNSARBEID	4
1.2 KONTROLLAR, ADVARSLAR OG ANMELDELSAR.....	4
1.3 INFORMASJON	4
1.4 SEKRETÆRFUNKSJONAR.....	4
1.5 REGISTRERINGSARBEID, SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD M.M.....	4
1.6 FELTARBEID FOR FORSKNINGSINSTITUSJONAR.....	5
<i>Villrein</i>	5
<i>Fjellrev</i>	5
<i>Kulturminner</i>	5
<i>Vatnkvalitet</i>	5
<i>Gjerding</i>	6
1.7 OMFANGET AV ARBEIDET.....	6
2. ORGANISASJONEN	6
2.1 STYRET	6
2.2 PERSONALET	6

1. Utført arbeid

1.1 Oppsynsarbeid

Oppsynsarbeidet har skjedd på oppdrag frå fjellstyra kring Hardangervidda og Statens naturoppsyn.

1.2 Kontrollar, advarslar og anmeldelsar

Totalt er det kontrollert 260 personar på Hardangervidda av oppsynspersonell tilsett av Hardangervidda Fjelloppsyn as (tabell 1). Det er gjeve 21 advarslar og føreteke 2 anmeldelsar (tabell 2).

Tabell 1. Antall kontrollerte

Tema	Antall kontrollerte
Motorferdsel sommar og vinter	40
Småviltjegerar	40
Storviltjegerar elgjakt /reinsjakt	24 /120
Fiskerar	29
Andre reglar	7
SUM	260

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar	Antall anmeldelsar
Motorferdsel, sommar og vinter	-	2
Småviltjegerar	6	-
Storviltjegerar	11	-
Fiskerar	1	-
Andre reglar	3	-
SUM	21	2

1.3 Informasjon

Gjennom kontakt med publikum, er det gjeve muntleg informasjon til **555 personar**. Innhaldet i informasjonen favnar vidt, men vanlege tema er historikk om nasjonalparken, forslag til tur og løypeval, salgstader for jakt og fiskekort, informasjon om plante og dyrelivet, utgreiing om lover og reglar i høve til nasjonalparken og utøving av jakt og fiske m.m.

1.4 Sekretærfunksjonar

Fjelloppsynet har ivareteke sekretærfunksjonen for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland
- Øvre Numedal
- Ullensvang
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik

Ein har også teke hand om sekretærfunksjonen for *Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda*.

1.5 Registreringsarbeid, skjøtsel og vedlikehald m.m.

Det er gjort eit omfattande innsamlingsarbeid av søppel og skrap i nasjonalparken på oppdrag frå Statens naturoppsyn. Sjå for for øvrig tabell 3. som syner kva arbeidsoppgåver fjelloppsynet har hatt for SNO.

Tabell 3 . Temavis inndeling av arbeidet som er utført på oppdrag frå Statens naturoppsyn.

Tema
Tilsyn med motorferdsel , generelt naturoppsyn m.m.
Øving, Geilo RKH
Tilsyn, NM i Skisegling
Sporing av jerv/rovviltarbeid
Tilsyn /informasjon ved militær aktivitet
Skarverennet
Oppsyn med naturreservat og sårbar fauna
Tilsyn med ferdsel, villreinkalving
Tilsyn med mineralførekomstar
Miljøaksjonen ”Vi ryddar Hardangervidda”
Oppsyn under villreinjakta
Tilsyn med villrein, Rv 7
Kontroll av elgjaktlag
Kontorarbeid
SUM

På oppdrag frå fjellstyra er det utført:

- nybygg / vedlikehald av hytter
- transport av ved/propan og anna utstyr til hytter
- renovasjon
- prøvefiske, analyse av skjellprøver m.m.
- fiskekultivering

Arbeidet som er utført for *fjellstyra* og *Statens naturoppsyn* er gjort nærare greie for i egne rapportar.

1.6 Feltarbeid for forskningsinstitusjonar

Villrein

Fjelloppsynet har på oppdrag frå *NINA* delteke med mannskap i samband:

- Vektregistreringar hos nyfødt kalv
- Kalvetelling
- Strukturtelling
- Radiomerking og peiling av radiomerka rein

Fjellrev

Fjelloppsynet har utført feltmessige registreringar av fjellrev på oppdrag frå *NINA*.

Kulturminner

Det er gjort registreringar av fangstanlegg for villrein på oppdrag for *NINA*.

Vatnkvalitet

Fjelloppsynet har henta vassprøver i samband med ”Prosjekt priikkaure”, på oppdrag frå *Universitetet i Bergen*.

Gjerding

Fjellopsynet har sett opp eit gjerde i Hol kommune på oppdrag frå Universitetet i Oslo.

1.7 Omfanget av arbeidet

Det er utført totalt 9358 timeverk i selskapet i 2002 (Tabell 4). Dette utgjer 5,2 årsverk. Av dette er 7860,5 timar utført for 13 eksterne oppdragsgjevarar.

Tabell 4. Arbeid utført av Hardangervidda Fjellopsyn as i 2002

Oppdragsgjevar	Type arbeid	Timar
Ulvik fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytter, transport, fiskekultivering, sekretæriat	521
Ullensvang fjellstyre	Oppsyn, transport, vedlikehald av hytte, sekretæriat	715
Odda fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytte	148
Røldal fjellstyre	Oppsyn	195
Eidfjord fjellstyre	Oppsyn, transport, fiskekultivering	220
Rauland fjellstyre	Oppsyn, sekretæriat	131
Øvre Numedal fjellstyre	Oppsyn, transport, vedlikehald av hytter, fiskekultivering, sekretæriat	905
SfH	Sekretæriat	198,5
Statens naturoppsyn	Oppsyn, skjøtsel, informasjonsarbeid	3341,5
NINA-NIKU	Fjellrevprosjekt, studier v/ kalving ,strukturtelling, kalvetelling og radiomerking av villrein, kulturminner	1007
Universitetet i Bergen	Prikkaureprosjekt	49
Universitetet i Oslo	Oppsetting av gjerde	429,5
Anna arbeidstid	Administrasjon, kurs, fagmøter, personalmøter, rapportering, tillitmannsarbeid m.m.	1497,5
SUM		9358

2. Organisasjonen

2.1 Styret

Styret har vore samansett av styreleiar Ragnar Ystanes og styremedlemene Sigurd Gudmundsen og Liv I. Myklatun. Styret har handsama 13 saker.

Generalforsamling vart helde på Geilo 19.06.02. Det var også eit aksjonærmøte i samband med generalforsamlinga.

2.2 Personalet

Det har vore 7 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2002. Hans-Jørgen Jahren har vore Otillitsvald og verneombud. (Tabell 5.)

Tabell 5. Fast tilsette i 2002

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein, Geilo	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	83,3%
Kåre Hallingstad, Hol	87,5%
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	66,7%
Bjørn Haugen, Geilo	62,5%
Helge Bitustøyl, Rauland	50%
Magne Hallanger, Ulvik	62,5%

